

**Saksnr:** 2022/8192-2**Saksbehandlar:** Beate Mæsel**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2022

**Fordeling av planleggingsmidlar Miljøløftet 2023**

## Forslag til vedtak

1. Løyvinga til planlegging på fylkesveg i Bergen på 25,4 mill. kr i 2023 vert fordelt slik:

Prosjekt	Beløp
Fv.5354 Arna -Garnes, Garnesvegen Bommane – Rasmusvegen	800 000
Fv 564 Salhusvegen, Ulsetstemma – Slettestølvegen	500 000
Fv582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Alle'-Wergeland)	300 000
Fv. 5200 m.fl. Tunvegen -Jacob Kjødesveg, gang og sykkelveg	200 000
Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark	300 000
Fv. 585 Nattlandsveien sør, Wier Jensensvei –Nye Sædalsveien	1 000 000
Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen	2 000 000
Fv. 5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset-Krabbedalen	2 000 000
Fv. 587 Søylen Sundsbrua (plan)	700 000
Fv. 5190 Apeltunvegen-Skjoldskiftet-Iglevatnet	500 000
Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	300 000
Trafikkplan sentrum	300 000
Fv. 5216 Loddefjord terminal	300 000
Fv. 5170 Kollektivfelt Sandslivegen	800 000
Fv. 5174 Kokstadvegen, sykkel og kollektivfelt	300 000
Testiltak sykkelinfrastruktur Bergen sentrum	300 000
KDP Bergen	600 000
Andre forprosjekt	3 000 000
Andre planprosjekt	11 200 000
<b>Sum 2023</b>	<b>25 400 000</b>

2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere endringar i fordeling av løyvinga ut frå framdrift og behov gjennom året.

3. Praksisen med egen post til refusjon Bergen kommune vert ikkje vidareført i 2023 i tråd med tilsvarande sak for budsjettåret 2022 i SAMO, sak 2022/8192-1.

### **Samandrag**

I handlingsprogram for Miljøløftet (2023-2026), vedtatt juni 2022, er det for 2023 sett av 25,4 mill. kr i fylkeskommunale midlar til planlegging av tiltak på fylkesveg i Bergen. I denne saka føreslår vi fordeling av løyvinga på ulike plan- og utgreiingsprosjekt. For å sikre at planprosjekta har ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane i tråd med framdrifta gjennom året.

**Dina Lefdal**  
avdelingsdirektør  
Infrastruktur og veg (INV)

**Einar Kvam**  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I handlingsprogram for Miljøløftet (2023-2026) vedtatt juni 2022, er det sett av 25,4 mill. kr til planlegging av tiltak på fylkesveg i Bergen. Innafor denne løyvinga skal fylkeskommunen m.a. finansiere planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte prosjektering når dei ligg an til å få prosjektløyvinga.

Framdrifta i dei enkelte planprosessane er usikre. Det er fokus på framdrift på tiltak som er viktige/dei rette og omfanget av portefølje vert vurdert mot kapasitet. Det er trong for ferdigstilling av pågåande planprosjekt og samtidig ta omsyn til porteføljestyling. For å sikre ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane i tråd med framdrifta gjennom året.

I det følgjande vert det gitt ein meir detaljert omtale av planprosjekta.

	Prosjekt	Beløp
Ferdigstilling av planer – tidlegare prioriterte prosjekt og prosjekt prioritert med midlar til realisering i gjeldande handlingsprogram	Fv.5354 Arna -Garnes, Garnesvegen Bommene – Rasmusvegen	800 000
	Fv 564 Salhusvegen, Ulsetstemma – Slettestølvegen	500 000
	Fv582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Alle'-Wergeland)	300 000
	Fv. 5200 m.fl. Tunvegen -Jacob Kjødeseveg, gang og sykkelveg	200 000
	Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark	300 000
	Fv. 585 Nattlandsveien sør, Wier Jensensvei –Nye Sædalsveien	1 000 000
	Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen	2 000 000
	Fv. 5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset-Krabbedalen	2 000 000
	Fv. 587 Søylen Sundsbrua (plan)	700 000
	Fv. 5190 Apeltunvegen-Skjoldskiftet-Iglevatnet	500 000
	Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	300 000
	Trafikkplan sentrum	300 000
Andre tiltak	Fv. 5216 Loddefjord terminal	300 000
	Fv. 5170 Kollektivfelt Sandslivegen	800 000
	Fv. 5174 Kokstadvegen, sykkel og kollektivfelt	300 000
	Testtiltak sykkelinfrastruktur Bergen sentrum	300 000
	KDP Bergen	600 000
	Andre forprosjekt	3 000 000
	Andre planprosjekt	11 200 000
<b>Sum</b>		<b>25 400 000</b>

#### Fv.5354 Arna -Garnes, Garnesvegen Bommene – Rasmusvegen

Det skal leggjast til rette for betre framkomst og trafikktryggleik for gåande og syklande langs fv 5354 Garnesvegen frå rundkøyninga «Bommene» i Indre Arna til Garnes. Det manglar gang- og sykkeltilbod på store delar av strekninga. Strekninga er skuleveg. Statens vegvesen utarbeida eit planforslag som låg til offentleg ettersyn i 2019. Fylkeskommunen overtok planforslaget i 2021 og har lagt til grunn endra føresetningar for planarbeidet:

- Behovet er i stor grad vurdert å vere knytt til lokaltrafikk/skuleveg.
- Ny sykkelstrategi for Bergen 2020-2030. Strekninga inngår i 1. utbyggingsfase
- Offentleg høyring og merknadshandsaming syner behov for redusert omfang.
- Vedtatt plan for Garnes ungdomsskule, planarbeid for Øvre Seimsmark-Bjørnarhallen
- Pågåande planarbeid områderegeringsplanar Indre Arna og Storanaset

Status: Gjennomgang av planforslag/ forprosjekt er ferdig i 2022 og har avdekket behov for at det vert meldt oppstart av reguleringsplan på nytt.

**Fv. 564 Salhusvegen, Ulsetstemma – Slettestølvegen**

Tiltaket er reguleringsplan for ny sykkelveg med fortau langs Fv. 564/ 5300 Salhusvegen mellom Ulsetstemma og Slettestølsvegen som manglar tilbod i dag. Prosjektet vidarefører gang- og sykkelvegprosjektet på søraustleg del av Salhusvegen, som er ferdig etablert. Eksisterande køyreveg med tilhøyrande kryss, avkøyrslar og haldeplassar skal også utbetrast.

Status: Planen ble formelt starta november 2018. Planutkast er oversendt Bergen kommune 26.10.2021. Bergen kommune fatta vedtak om utlegging til offentleg ettersyn 16.06.2022.

**Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg (Fv.582 Stortveitvegen, Paradis – Hagerupsveg)**

Planen skal legge til rette for å etablere eit attraktivt tilbod til mjuke trafikantar, slik at flest mogleg kan velje å gå og sykle. Storetveitvegen blir verande i same trase som i dag. Strekninga har dårleg tilbod i dag, med smal felles gang- og sykkelveg. "Strekninga ligg som utbyggingsfase 1 i sykkelstrategi for Bergen, med svært høgt potensiale for syklende. Tiltaket vil gi god samanheng med sykkelveg som er under planlegging vidare nordover mot Mindemyren."

Status: Planforslag er oversendt kommunen i 2019 og var på høyring i 2021. Handsaming av merknader har pågått i 2022. Planforslag må justerast før endeleg slutthandsaming. (Tiltaket ligg inne med midler til oppstart i HP 2023-2026, - statleg tilskot).

**Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg (Minde Alle'-Wergeland)**

Reguleringsplan for etablering av eit trafikksikkert tilbod for gåande og syklende, for å auke tal gåande og syklende i Bergen. Tiltaket vil betre tilhøva for kollektivreisande og kan bidra til å auke kollektivandelen. Det vert planlagt sykkelveg med oppgraderte fortau, haldeplassar og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar på strekningen Hagerupsvei til Wergeland. Tiltaket inneber og at vegbane/rundkøyring/forholda for køyrande mv. vert utbetra.

Status: Planforslag vart oversendt kommunen januar 2021. Etter kommunalt vedtak i juni var planforslag lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 28.8-11.10.2022. Det er venta slutthandsaming av plan i 2023. (Tiltaket ligg inne med midler til oppstart i HP 2023-2026, - statleg tilskot).

**Fv. 5200 m.fl. Tunvegen -Jacob Kjødesveg gang og sykkelveg**

Detaljplan for Tunvegen – Jacob Kjødes veg skal sikre gjennomførbarheit for det fyrste byggetrinnet knytt til områdeplanen for Paradis sine regulerte samferdselsformål. Gjeldande områdeplan for Paradis sentrum (planID 60760000) viser formålmessig den ferdige løysinga. Omlegging av infrastruktur, nye gater, fortau, gang- og sykkelveg og nye leidningar til vann- og avløp samt overvatn, krev meir areal enn områdeplanens (planID60760000) regulerte samferdselsareal i anleggsfasen. Der det er samanfallande utbygging av tilstøytane byggeområder og infrastruktur, lar dette seg løyse gjennom avtaler og koordinering i byggefasen.

Status: Planutkast har vært på 2.gangs begrensa høyring. Slutthandsaming av plan er venta ved årsskiftet 2022/ 2023. Det er trong for midlar i 2023 til oppfølging i fbm. slutthandsaming.

**Fv. 558 Lyderhornsveien, kryssutforming ved Tennebekk næringspark**

Tiltaket gjeld regulering av ny kryssløysing ved Tennebekk næringsområde. Det er trong for kanalisering og betre høve for myke trafikantar og auka trafikksikkerheit i kryss/ avkøyrsel ved næringsområdet. Punktet er eit av ulukkepunkt i Bergen, der det har skjedd alvorleg sykkelulukke. Forbetring av dagens løysning vil betre framkomme for syklende, gåande, kollektivtrafikk og i større grad sikre fotgjengarar som kryssar avkøyrsele ved dette punktet.

Status: Grunnboringar er utført. Oppstartsmøte fant sted 26.02.21. Formelt vedtak om oppstart på plan august 2021. Silingsrapport er utarbeidd. Planforslag er venta å ligge føre vinteren 2023. Tiltaket ligg inne med fylkeskommunale midler til oppstart i HP 2023-2026).

**Fv. 585 Natlandsveien sør, WierJensensvei- Nye Sædalsveien**

Det skal planleggast oppgradering av fv. 585 Natlandsveien frå Hagerups vei til Birkelundstoppen. Strekinga er om lag 2 km, har høg trafikk og er ei viktig kollektivåre. Strekinga inngår i prioritert sykkelnett i Bergen kommune og er ei viktig lenke i vegnettet både for syklende, gåande og køyrande, men tilbodet til mjuke trafikantar er svært variabelt og mangelfullt. Strekinga er ulukkesutsett, og framstår ikkje som attraktivt for mjuke trafikantar. Bussane på strekinga blir forseinka av kø, særleg inn mot lyskrysset ved Hagerupsvei. Kollektivhaldeplassane ligg tett, og fleire har behov for utbetring og eventuell ny lokalisering. Reguleringsplanarbeidet vil omfatte oppgradering av heile gata, med sykkelfelt, fortau og mogleg kollektivfelt inn mot Hagerupsvei. For å få eit einsarta system for syklende er det viktig å få planlagt heile strekinga samla.

Status: Forprosjekt vart gjennomført i 2021 som grunnlag for vidare regulering. Arbeid med enkel stadanalyse og planinitiativ pågår. Det vert estimert formell oppstart av plan ved årsskiftet/ tidleg vinter 2023. (Tiltaket ligg inne med midlar til oppstart i HP 2023-2026, - statleg tilskot).

**Fv. 5306 Hesthaugveien, Åsane terminal, Morvikvegen**

Tiltaket gjeld utarbeiding av reguleringsplan for etablering av oppgradert sykkelanlegg mellom Åsane terminal og Haukedalen skole. Hesthaugveien ved krysset til Midtkleiva er 1 av 20 ulykkespunkt i Bergen, og det skal mellom anna etablerast venstresvingefelt. Dette vil også gi kollektivtrafikken meir føreseieleg og effektiv framkomst og sikre kryssande fotgjengarar over Hesthaugveien. Tiltaket vil ha betydning for trafikktryggleiken i kryssområdet.

Status: Utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse er venta oversendt kommunen årsskiftet 2022/ 2023. Det vert estimert formell oppstart av plan vinter/ vår 2023. (Tiltaket ligg inne med midlar til oppstart i HP 2023-2026).

**Fv. 5028 Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset-Krabbedalen**

Reguleringsplan for samanhengande gang- og sykkeltilbod langs Kjøkkelvikveien, Kjøkkelvik skule-Fæsterhuset, er under utarbeiding. Det manglar tilbod på deler av strekinga som er belasta med tunge køyretøy. Planen vil legge til rette for etablering av eit samanhengande og trafiksikkert tilbod for gåande, syklende og kollektivtrafikken, m.a. sikrare skuleveg, og tiltak i skuleområde (løysingar for kryssing av fylkesveg mm.). I tillegg vil tiltaket betre trafikktryggleiken for øvrig køyretrafikk.

Deler av strekingen inngår i definert nett i sykkelstrategi for Bergen for 2019-2030 (tiltaksfase 2), og er skilta sykkelrute mot Askøy. Betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar vil truleg føre til at fleire går eller sykklar til skulen. Tiltaket vil gi betre samheng i gang- og sykkeltilbodet og gi betre framkome og haldeplassfasilitetar for kollektivtrafikken på strekinga. Det er mogleg at ei eventuell realisering av tiltaket kan samanfalle i tid med etablering av permanent vassforsyning frå Bergen til Askøy delvis på same strekning.

Status: Utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse har pågått fram til hausten 2022. Oversending til kommunen, oppstartsmøte og formell oppstart av planarbeid er venta i 2022. (Tiltaket ligg inne med midlar til oppstart i HP 2023-2026).

**Fv. 587 Søylen Sundsbrua (plan)**

Søylen Sundsbrua på Hardangervegen ved Bratland camping i Bergen har snart nådd si est. levetid (2030) og har større skader. Brua er særst viktig for å oppretthalde framkomst og redusere sårbarheit i trafikkavviklinga i Bergen. Avbøtande tiltak er initiert på gamal bru, men det er ynskjeleg å etablere ny bruløysing inkludert tilbod for gåande og syklende, til erstatning for dagens bru. Ny bru vil sikre framkomst for kollektivtrafikk og øvrig transport på strekinga. Tiltaket vil gi eit heilt nytt tilbod for gåande og syklende som ikkje har tilbod på dagens bru. Tiltaket må regulerast for å få tilgang til naudsynt areal. Grensesnitt mot framtidig plan for Grimesvingane må avklarast i arbeidet.

Status: Grunnboring er utført. Oppstartsmøte for planarbeidet var i okt. 2021 og formell planoppstart i juni 2022. Utarbeiding av planforslag pågår og er venta å ligge føre i januar 2023.

**Fv. 5190 Apeltunvegen-Skjoldskiftet-Iglevatnet**

Det skal regulerast løysingar for å betre situasjonen for mjuke trafikantar langs Apeltunvegen ved å legge til rette for auka trafikksikkerheit og framkomst for gåande og syklende. Apeltunvegen har for dårleg tilbod til mjuke trafikantar, og trafikktryggleiken er ikkje godt nok ivareteke. I ein del plansaker har fylkeskommunen (og tidlegare Statens vegvesen) hatt negativ uttale og motsegn til planar om vidare utbygging i dette området på grunn av trafikktilhøva på strekningen.

Status: Ferdig forprosjekt desember 2021. Reguleringsplanarbeid med utgangspunkt i forprosjektet er venta å starte i 2023. I forvaltningssamanheng er det stort behov for plan.

**Trafikkplan sentrum**

Det er trong for planmidlar til oppfølging og detaljering av overordna plan.

**Fv. 5216 Loddefjord terminal**

Loddefjord terminal er knutepunkt i vest med rundt 4 300 dagleg påstigande. Framkomsten for bussane rundt terminalen er tidvis særst utfordrande, med forseinkingar og usikre korrespondansar. Ved ytterlegare vekst i kollektivtrafikken vil terminalen få kapasitetsproblem.

Ny utforming av terminalen og nytt køyremønster vil auke kapasiteten og gi betre framkomst. For å oppnå dette er det ønskeleg at terminalen integrerast i køyrearealet etter modell av Nesttun terminal, og meir areal vert frigjort til terminalfunksjon. Vidare vert det arbeidd med betre løysingar for gåande og syklende gjennom området. Samla sett vil dette kunne krevje noko omprioritering frå parkeringsplassar langs terminalen til kollektiv/ sykkel/ gange.

Status: Avklaringar fram mot detaljregulering held fram i 2023. Fylkeskommunen vil søke å finne løysingar for kollektiv, gåande og syklende og spele dette inn i relevante planprosessar for området.

**Fv. 5170 Kollektivfelt Sandslivegen**

Kollektivfeltet frå haldeplass Eldsbakkane i Fv 5170 Sandslivegen til Fv 5186 Dolvikvegen skal gjere busstrafikken på strekninga meir føreseieleg og gi betre framkomst. Dette vil også vere gunstig inn mot Dolviken terminal, der mange reisande skal bytte buss. Det er ca. 14 avgangar i makstimen, og køyretidsmålingane viser at forseinkingane er størst i morgonrushet.

Status: Ferdig forprosjekt ultimo 2022, utarbeiding av planinitiativ inkl. enkel stadanalyse vil halde fram mot formell planoppstart.

**Fv. 5174 Kokstadvegen, sykkel og kollektivfelt**

Busstrafikken har i dag store framkomstproblem i Kokstadvegen og kollektivfelt på strekninga vil betre framkomsten for bussane og styrke konkurransekrafta mot bil vesentleg samanlikna med dagens situasjon. Det er i dag om lag 6 avgangar per time. Gåande og syklende har i dag eit tilbod i form av fortau, men manglar separering. Det er vidare venta stor utbygging i området.

Status: Forberedande arbeid for reguleringsplan for kollektivfelt og løysning for sykkel vil halde fram i 2023. Det er venta å starte arbeid med reguleringsplan hausten 2023.

**Testiltak sykkelinfrastruktur Bergen sentrum**

Det settast av midlar til å utarbeide konsept for å teste ut "pop-up" sykkelinfrastruktur i Bergen sentrum (kortvarige testiltak).

**Andre forprosjekt**

Interne utrednings-/avklaringsbehov mot gruppene i Miljøløftet etc.

Vlfk ønsker en sum til «andre forprosjekt» for forarbeid til eventuelle komande reguleringar, for å bidra til å styrke progresjon i planporteføljen.

### Refusjon Bergen kommune

Fylkeskommunen følger opp tilsvarende sak for budsjettåret 2022 i SAMO, sak 2022/8192-1: "Refusjon av kostnader knytt til planstillinger for planlegging av Bybanen. Vlfk vil avslutte praksisen fom. 2023 ref. sak om bruk av fylkeskommunale midlar juni 2021," og avslutter praksisen med eigen post til refusjon Bergen kommune.

### KDP for kollektivtransport Bergen sentrum- Bergen vest

Kommunedelplan for framtidig kollektivløysing frå Bergen sentrum til Bergen vest held fram i regi av Bergen kommune. Vlfk refunderer kostnader som tilfell fylket. Planarbeidet har fått refundert fylkeskommunale midler siden 2015 og tom. 2021 har fylkeskommunen finansiert planen med ca. 31,3 mill. kr -21-kr. Det er meldt ei prognose på 5 mill. kr i 2022 og 6 mill. kr i 2023. Planen er venta ferdigstilt i 2023.

### Andre planprosjekt

Posten vert fordelt i løpet av året til tiltak med trong for oppstart av planavklaring, eller f.eks. for å sikre fylkets interesser i planer i privat regi der fylket yter fagleg bistand.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsle og mobilitet har mynde til å disponere ufordelte løyvinger innafor sitt arbeidsområde, jf. Budsjettreglementet pkt. 3.5.6.

### Vurderingar og verknader

Det ligg førebels ikkje føre endelege tal for ev. meir- og mindreforbruk på dei pågåande prosjekta i 2022. Løyvingane til dei enkelte prosjekta er derfor anslag på behov i 2023 slik det er meldt no.

Avdelingsdirektøren meiner det sentralt at planpotten blir sett i samanheng med tiltak det er ønskeleg å få realisert dei komande åra. Det vert difor til grunn at tiltak under planlegging, med planmidlar i 2022 framleis er prioriterte i 2023 og at pågåande aktivitet held fram. Dette er viktig for effektiv ressursstyring og auka gjennomføringsevne for tiltak i komande års handlingsprogram.

Saka inkluderer nokre pågåande gamle planprosjekt som pr. i dag ikkje er prioritert vidare med prosjektløyvingar i gjeldande handlingsprogram for 2023-2026. Det vert likevel sett som viktig at det vert prioritert løyvingar til å få ei slutføring av desse planprosjekta, då dei kan vere aktuelle tiltak til vurdering ved kommande rulleringar av handlingsprogrammet i Miljøløftet.

Vidare vert det prioritert løyvingar til tiltak som er av betydning for fylkeskommunen å få planavklart.

Det er lagt opp til at fylkestinget skal handsame handlingsprogram for Regional transportplan (2024-2034) og Handlingsprogram (2024-2027) for Miljøløftet i juni 2023. Det er i samband med dette at nye prosjekt vil bli prioritert til gjennomføring.

**Økonomi:** Saka handlar om fordeling av ramma til planlegging av prosjekt på fylkesveg i Bergen over det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet for 2023-budsjettet.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant

### Konklusjon

Avdelingsdirektøren legg med dette fram sitt framlegg til fordeling av ramma til planlegging av prosjekt på fylkesveg i Bergen, jf. vedtaks punkt 1. For å sikre at planprosjekta har ein effektiv og god framdrift vert det føreslått at fylkesdirektøren får fullmakt til å kunne omdisponere prosjektløyvingane mellom prosjekta i tråd med framdrifta gjennom året.